

Bremanger kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 09.01.2015

Møtestad: Bremanger kommunehus, formannskapssalen

Møtetid: Kl. 09:30 – maks kl 12:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sak 3 og 4. Forvaltningsrevisor i sak 4.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Skriv og meldingar
003/15	Kvalitets- og avvikssystem - orienteringssak
004/15	Forvaltningsrevisjon: Avvikshandtering - prosjektplan
005/15	Årsmelding 2014 - Bremanger kontrollutval
006/15	Møteplan 2015 - Bremanger kontrollutval
007/15	Oppfølgingsliste og merknader 1 - 2015

Med helsing

Harry Gulestøl
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 09.01.2015	Saksnr 001/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/357
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 09.01.2015	Saksnr 002/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/358
---	-------------------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	01.12.2014	Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon	14/804
2	11.12.2014	Kjøp av tenester - Åsmund Nesbø	14/865
3	18.12.2015	Forvaltningsrevisjon om prosjektrapportering og oppfølging - Kommunestyresak 71/14 den 18.12.14	15/2

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Dato: 28.11.2014

Vår referanse: 14/804

Arkiv: FE-007

**Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon
Frå Etikkonferansen 2014**

Klipp frå KS sine nettsider den 28.11.14 med ein artikkel som var publisert 25.11.14.
Vi legg dette notatet ved som informasjon under skriv og meldingar i kontrollutvala.
[Her finn du lenke til Etikportalen der du finn meir om emnet.](#)

Beskytt kommunen! Etikkonferansen 2014

25.11.2014

[f](#) [t](#) [in](#) [e](#) [Skriv ut](#) [Tips](#)

På etikkonferansen 2014 ble det lansert en ny versjon av "Beskytt kommunen!", en håndbok i antikorrupsjon. Flere innledere bidro til et rikholdig og bredt program på konferansen.



- Et godt etisk immunforsvar angår oss alle, men vi som politiske ledere har et særskilt ansvar, sa kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Statsråden fikk overrakt håndboken personlig, av nestleder i KS, Bjørn Arild Gram.

- Å styrke lokaldemokratiet er noe av det viktigste arbeidet KS gjør, og da er det helt vesentlig at innbyggerne har høy tillit til de folkevalgte.

Et godt samarbeid

- Vi ønsker oss at etiske dilemmaer bør diskuteres høyt og tydelig på alle arbeidsplasser, sa Guro Slettmark, som leder Transparency International.

Organisasjonen jobber for "en verden fri for korrupsjon" og har siden 2011 etablert et nettverk for 40 kommuner og fylkeskommuner i samarbeid med KS. På Etikskonferansen 2014 ble noen av resultatene fra samarbeidsprosjektet presentert, deriblant en fornyet utgave av "Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon".

Håndboka henvender seg til folkevalgte, ledere, ansatte og tillitsvalgte i kommuner og fylkeskommuner og gir gode råd for hvordan jobbe aktivt med å forebygge, avdekke og håndtere korrupsjon.

Mange innledere bidro til et rikholdig program på konferansen, og flere av presentasjonene kan hentes frem nedenfor her.

Eksempelbank

Det er også laget en eksempelbank "Korrupsjonsfaren i kommuner –sårbarhet, verktøy og metoder" som oppsummerer noen erfaringer og råd om korrupsjonsforebyggende arbeid fra kommuner og fylkeskommuner som har deltatt i KS og TI's korrupsjonsforebyggende nettverk 2013- 2014. Her gis eksempler på sårbarhet og risikoområder i kommunene, beskrivelse av forebyggende tiltak og systemer, samt verktøy for holdningsskapende aktiviteter. Det gis også noen anbefalinger om hva ledelsen/kommunens administrative ledelse kan gjøre. Kommunene må selv etablere sine systemer og fastsette nivå og mål for eget arbeid.

KONTAKTPERSONER FOR DENNE SAKEN

Spikkeland, Lise Lokaldemokrati og kommuneøkonomi
Lise.Spikkeland@ks.no

SENTRALE LENKER OG DOKUMENTER

-  [Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon](#)
-  [Korrupsjonsfaren i kommuner](#)
-  [Bjørn Arild Gram Tillit til lokaldemokratiet](#)
-  [Alexandra Bech Gjerv Korupsjon i kommunene](#)
-  [Tor Dølvik Hva har kommunene lært oss?](#)
-  [Erik Amnå Tillitens gränser](#)
-  [Helge Eide 2600 kommunalt eide selskaper](#)

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418

ah@sekom.no

Til: Kontrollutvalet
Frå: Rådmann
Dato: 10.12.2014

INNKKJØPSRUTINAR

1. Bakgrunn

Kontrollutvalet hadde i møte den 27.11.2014, sak BRE-037/14 oppe sak vedkomande innkjøp og ulike påstandar knytt til det at kommunen har kjøpt tenester av ein tidlegare tilsett, Åsmund Nesbø:

- Rise Næringsbygg skal ha kjøpt tenester hjå Åsmund Nesbø, tidlegare tilsett i Bremanger kommune, som no driv eige firma.
- Det kan vere at tinginga av arbeidet frå Nesbø sitt firma var gjort medan han framleis var tilsett i Bremanger kommune.
- Det vert også vist til at det kan ha vore andre eksempel på at Nesbø sitt firma utførte oppdrag for Bremanger kommune medan han sjølv var tilsett i kommunen.
- Storleiken på oppdraga og kor mange det i tilfelle har vore er ikkje kjend.

Underteikna var til stades i kontrollutvalsmøtet og ga ei førebels orientering. Basert på orienteringa, vart det gjort slikt vedtak:

«Orientering frå rådmannen vert teken til vitande. Rådmannen sender notat til kontrollutvalet med ytterlegare informasjon som vert lagt fram under skriv og meldingar.»

Dette notatet er svar på kontrollutvalet si tinging.

2. Høvet til å ha anna lønna arbeid

Spelereglane m.o.t. anna løna arbeid for tilsette i Bremanger kommune er nedfelt i Arbeidsreglementet (vedteke i KST 28.09.04, sak 098/04):

«§ 21 ANNA LØNA ARBEID

Kommunale arbeidstakarar kan ikkje ha anna løna arbeid hjå andre arbeidsgjevarar dersom arbeidet er av slikt omfang at det gå ut over arbeidsytinga i kommunen. Det same gjeld ekstra arbeid som kan medføre ugildskap etter Forvaltningslova kap. 2»

Det er næraste overordna som har oppfølgingsansvar i forhold til dette. Det er ikkje etablert særskilde rutinar der det er skriftleg avtale mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar. Forholdet er regulert av arbeidsavtalen der arbeidstakar plikter å gjere seg kjend med arbeidsreglementet.

3. Forholdet til Åsmund Nesbø

Åsmund Nesbø var tilsett i Bremanger kommune som avdelingsingeniør bygg i perioden 03.09.2012-30.04.2014. Han hadde i denne perioden enkeltpersonsføretaket Nebø Byggservice. Dette var arbeidsgjevar informert om.

Det var ikkje kjøpt tenester av Nesbø medan han var tilsett i kommunen. Åsmund Nesbø, gjennom enkeltpersonsføretaket dekkja telefonen som vart nytta i kommunal teneste. Dette vart dekkja dette etter dokumentasjon og faktura frå enkeltpersonsføretaket.

Dei tenestene som er kjøpt inn etter Nesbø slutta i kommunen er:

Rise Næringsbygg AS (kommunen majoritetseigar):

Digitalisering av byggeteikningar som grunnlag for oppfølging av pålegg knytt til sikringsplan/rømmingsveg og brann. Tenesta var tinga av styreleiar i selskapet hausten 2014. Oppdraget er levert for ein pris på kr. 27.626,- + mva.
Lokal leverandør vil stå for skilting etc.

Skulevegen 9,

Utarbeiding av beskrivelse som grunnlag for innhenting av anbod på nytt tak.
Oppdraget er levert for ein pris på kr. 16.450,- + mva.
Anbodet er tildelt lokal entreprenør.

Stasjonen Barnehage,

Beskrivelse som grunnlag for innhenting av anbod på tilbygg/ombygging og skifting av tak i samband med pålegg frå Arbeidstilsynet.
Oppdraget er levert for ein pris på kr. 2.100,- + mva.

Svelgen oppvekst:

Beskrivelse av «bygg» for bosscontainerar som grunnlag for innhenting av tilbod.
Oppdraget levert for ein pris på kr. 4.200,- + mva.

Alle tingingar er gjort hausten 2014 og alt arbeid er utført på timebasis.

Bakgrunnen for å nytte Nesbø til dette arbeidet er at han teikna og jobba med prosjekta medan han var tilsett i kommunen. Det mest rasjonelle og effektive har såleis vore å hyre han inn for å lage anbodsgrunnlaga for dei aktuelle prosjekta. Det er ikkje aktørar lokalt som tilbyr denne typen tenester.

Elles nytte Nesbø på timebasis til å gje tilsette i bruk av det aktuelle digitale teikneprogrammet slik at vi i framtida dekker dette behovet internt.



Tom Joensen
rådmann



BREMANGER KOMMUNE
Sakspapir

SM 3

Styre, råd, utval
Kommunestyret

Behandlingsdato
18.12.2014

Saksnr.
071/14

Sakshands.
TOM

Avgjerd av: Saksansv.: Tom Joensen	Arkiv: K1-	Arkivsaknr.: 14/2818
---	----------------------	--------------------------------

Forvaltningsrevisjon om prosjektrapportering og oppfølging

Dokumentliste:

Vedlegg :

Dok.nr	Tittel på vedlegg
96289	Sak 35-14 Forvaltningsrevisjon Rapport om Prosjektrapportering og oppfølging - Vedlegg.pdf

- Forvaltningsrevisjonsrapport

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport frå forvaltningsrevisjon om prosjektrapportering og oppfølging til orientering.
2. Kommunestyret viser til tilrådingane i pkt 8.3 og 8.12 og ber rådmannen følgje opp med prioritering av:
 - Revisjon av økonomireglement.
 - Rutinar for etterleving av reglement.
 - Sluttrekneskap frå investeringsprosjekt.
3. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga innan utgangen av 1. halvår 2015.

.....

18.12.2014 Kommunestyret

KST-071/14 Vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport frå forvaltningsrevisjon om prosjektrapportering og

- oppfølging til orientering.
2. Kommunestyret viser til tilrådingane i pkt 8.3 og 8.12 og ber rådmannen følge opp med prioritering av:
- Revisjon av økonomireglement.
 - Rutinar for etterleving av reglement.
 - Sluttregneskap frå investeringsprosjekt.
3. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga innan utgangen av 1. halvår 2015.

.....

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Kommuneloven
- Økonomireglementet

Saka gjeld:

Overlevering av forvaltningsrevisjon og kontrollutvalet sine tilrådingar i samband med: Rapport om Prosjektrapportering og oppfølging frå kontrollutvalet til kommunestyret.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til rapporten frå KRYSS Revisjon (vedlegg). Prosjektet vart valt av kontrollutvalet den 10. oktober 2013 og tinga den 27. november 2013 i KU-sak 35/13:

Tinginga for prosjektet: Prosjektrapportering og oppfølging, vert godkjent med endra leveringsdato til 1. oktober 2014.

Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.

Utkast til tinging av neste forvaltningsrevisjonsprosjekt vert lagt fram i oktober 2014.

Frå tingingsdokumentet:

Formål med undersøkinga:

Dei styrande organi Bremanger kommune ynskjer å få kjennskap til om prosjektrapportering og oppfølging er i tråd med gjeldande regelverk.

Avgrensing av undersøkinga:

Kontrollen skal avgrensast til 2012 og 2013

Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet:

Etterlever administrasjonen dei reglar og rutinar i sin rapportering av investeringsprosjekt til politisk nivå. Herunder: perioderapporteringar/statusrapporteringar.

KRYSS Revisjon har gått gjennom prosjekta for 2012 og 2013 slik det går fram av tinginga. Vurdering og konklusjonar kjem fram i kapittel 8 i rapporten.

- Tilrådingane ligg i pkt 8.3 og 8.12.
- Forholdet mellom økonomireglement og delegasjonsreglement (8.1 – 8.3)
- Konkrete prosjekt (8.4 – 8.9)
- Status for sluttregneskap (8.10 – 8.11)

Sekretariatet meiner rapporten har fleire funn som bør følgjast opp:

1. Behov for revisjon av økonomireglement og avklare begrepsbruk
2. Sikre etterleving av reglement
3. Avslutting av prosjekt med sluttrekneskap og sluttrapport

Oppfølging av punkta heng til ei viss grad saman. Sekretariatet meiner reglementa bør reviderast mellom anna for å sikre

- At innhaldet er oppdatert til noverande organisering.
- At begrepsbruk er eintydig.
- Naudsynt rapportering og oppfølging til politiske organ.

Det er også viktig at dei vedtekne reglementa vert følgde. Sikring av etterleving er difor eit av punkta i sekretariatet si tilråding.

Rapporten peikar på at det er store manglar knytt til prosjektrekneskap. Sekretariatet rår til at det vert teke med eit punkt i vedtaket om å prioritere avslutning av prosjekta ved sluttrekneskap. Kontrollutvalet har tidlegare peika på manglande sluttrekneskap. Seinast i uttale til årsrekneskapen for 2013:

Utvalet viser til revisor sin uttale om levering av prosjektrekneskap. Det er ikkje tilfredsstillande at prosjektrekneskap ikkje er lagt fram.

I tilrådinga frå sekretariatet, viser vi til tilrådingane i pkt 8.3 og 8.12 med spesiell prioritering av:

- a. Revisjon av økonomireglement.
- b. Rutinar for etterleving av reglement.
- c. Sluttrekneskap frå investeringsprosjekt.

Punkta vil i tilfelle kunne ut i eigne saker både til kontrollutval og kommunestyre.

Sekretariatet rår likevel til at rådmannen orienterer kontrollutvalet om den samla oppfølginga av rapporten i løpet av første halvår 2015.

SEKOM-sekretariat viser elles til den vedlagde rapporten. Forvaltningsrevisor Charles Litsheim vert med på kontrollutvalet sitt møte.

Tillegg, 17.11.14:

Sekretariatet viser til tilleggsspørsmåla i møte den 27.10.14. Revisor sitt notat med svar på desse er lagt ved.

Handsaming av rapporten i kontrollutvalet:

27.10.2014 (29/14):

Forvaltningsrevisor Charles Litsheim gjekk gjennom rapporten.

Framlegg i møtet:

Kontrollutvalet ønskjer tilleggsnotat frå revisor til kontrollutvalsmøte 27.11. om:

1. Det vert gjort ein ekstra sjekk på at alle reglementa som er lagt til grunn i rapporten er siste versjon.
2. Det vert gjort ei vurdering i bruk av offentleglova i prosjektstyringa.
3. Har dei grupper som har hatt møte i saka om omsorgssenter hatt formell status etter kommunen sine reglement?

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

27.11.2014 (35/14):

Rådmann Tom Joensen deltok under saka.

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret)

1. Kommunestyret tek rapport frå forvaltningsrevisjon om prosjektrapportering og oppfølging til orientering.
2. Kommunestyret viser til tilrådingane i pkt 8.3 og 8.12 og ber rådmannen følgje opp med prioritering av:
 - Revisjon av økonomireglement.
 - Rutinar for etterleving av reglement.
 - Sluttregneskap frå investeringsprosjekt.
3. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga innan utgangen av 1. halvår 2015.

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 09.01.2015	Saksnr 003/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-170, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/149
---	-------------------------------------	-------------------------------

Kvalitets- og avvikssystem - orienteringssak

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
26.08.2014	Notat - kvalitets- og avvikssystem 20140825	338

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Saka vert lagt fram utan tilråding.

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til orientering i kontrollutvalsmøte den 3. september 2014. Vedlagt er også notat frå rådmannen til det møtet. Klipp frå møteboka:

Handsaming i Bremanger kontrollutval 03.09.2014:

Rådmann Tom Joensen informerte.

Informasjonen vert teken til orientering. Kontrollutvalet ber om ny statusrapport på første møte i 2015.

BRE-022/14 Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering. Kontrollutvalet ber om ny statusrapport på første møte i 2015.

Rådmannen vert kalla inn til dette møtet for å orientere om status.

NOTAT

Til: Kontrollutvalet

Frå: Rådmann

Dato: 26.08.2014

KVALITETS- OG AVVIKSSYSTEM I BREMANGER KOMMUNE

Bakgrunn

Rådmannen er bedden om å orientere om kommunen sitt kvalitets- og avvikssystem og kva han gjer for å sikre at dette både er utvikla og at systemet vert følgt opp.

Status

Store delar av kommunen si verksemd er regulert av lov og forskrift og det er utarbeidd regelverk og skriftlege rutinar som skal sikre at desse vert følgde. Kommunen vert og jamleg kontrollert av overordna mynde (fylkesmannen og arbeidstilsynet) innanfor ulike område og det vert då fokusert på skriftleg dokumentasjon og rutinar.

Den største utfordringa med dagens system er at det er «manuelt» - i den forstand at det ikkje er eit godt nok system som sikrar gjennomgang/revisjon/vedlikehald av rutinar. Avvikssystemet er og manuelt og rådmann vil vanskeleg kunne ha kontroll med at avvik vert følgt opp på alle nivå i kommuneorganisasjonen. Dette er ikkje tilfredsstillande i høve til å oppfylle krava nedfelt i kommuneloven § 23:

«Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll»

Vi er derfor i ferd med å implementere eit nytt elektronisk kvalitets- og avvikssystem i organisasjonen – Kvalitetslosen.

Systemet - Kvalitetslosen

Kvalitetslosen er eit nettbasert system der tilsette skal finne dokument som gjeld heile organisasjonen. Desse er samla i eit elektronisk bibliotek og blir årleg reviderte. M.o.t. ajourhald ligg det inne elektronisk varslings.

I Kvalitetslosen ligg også eit elektronisk avvikssystem. Avvik som blir meldt her, saman med rapport og statistikkfunksjonar, dannar grunnlag for kvalitetsforbetringar innanfor tenesteproduksjon, HMS-arbeid og andre forhold innanfor organisasjonen.

Kvalitetssystemet skal setje ein felles standard for kvalitetsutvikling og kvalitetssikring for alle tilsette og mottakarar av tenester frå Bremanger kommune. Systemet vil og vere eit verktøy i den daglege leiinga av kommunen.

For dei tilsette vil systemet tene særleg to funksjonar:

- finne prosedyrar og rutinebeskrivingar til hjelp i eigen arbeidssituasjon
- melde avvik ved brot på prosedyrar, rutinar og lovverk og følgje saksgong på eigne melde avvik
- lese og utføre sine oppgåver og kvittere for leste dokument i leselista

Leiarar vil i tillegg kunne lage og godkjenne prosedyrar og rutinebeskrivingar innanfor eiga eining og ta imot/lukke/sende vidare avviksmeldingar frå dei tilsette. Avvik som ikkje vert lukka innan fristen på eit nivå, vil gå vidare til leiar på neste nivå.

Alle tilsette vil få tildelt brukarnamn og passord på arbeidsstaden og tilgang til relevante dokument/funksjonar.


Implementering

Kvar sektor er ansvarleg for å legge inn kvalitetsdokument for sine tenester.

Dette er eit omfattande arbeid som no pågår. Vi held på med innlegging dokument på overordna nivå (HMT m.m) samt helse- og omsorg og oppvekst. Når disse er på plass vil vi følge på med dei andre sektorane.

Systema vil fortløpande bli «opna» for dei tilsette når kvalitetsbiblioteket på respektive eining/sektor og grunnleggjande opplæring er på plass.

Heile kommuneorganisasjonen skal vere oppe å gå innan utgangen av 2015. Det vil og bli utarbeidd ei eiga «kvalitetshandbok» som vil skildre funksjonar og organisering av kvalitetssystemet.



Tom Joensen
rådmann

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 09.01.2015	Saksnr 004/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/385
---	-------------------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon: Avvikshandtering - prosjektplan

Vedlegg:

Dok.dato 17.12.2014	Tittel Prosjektplan avvikshandtering versjon I.pdf	Dok.ID 1133
-------------------------------	--	-----------------------

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Framlegg til prosjektplan datert 11.12.14, vert godkjent.

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til framlegg frå KRYSS Revisjon datert 11.12.14. Vi meiner prosjektplanen er eit godt utgangspunkt for revisjonsprosjektet.

I tråd med pkt 5 i vedtaket frå kontrollutvalet (sak36/14), legg revisjonen opp til ei forundersøking. Tilrådinga deira er at undersøking i alle tilsette vert ein del av hovudprosjektet. Sekretariatet er samd i at dette truleg er den løysinga som raskast kan gi ei god oversikt over avvikshandteringa i kommunen. Forundersøkinga vil også kunne gi kunnskap om kva spørsmål ein bør stille. Sekretariatet rår difor kontrollutvalet til å godkjenne KRYSS Revisjon sitt framlegg til prosjektplan.

Bremanger kontrollutval
Ved SEKOM sekretariat
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:
cl

Arkivkode:
216

Journalnr.:
051/2014

Dokumentdato:
11.12.2014

PROSJEKTPLAN – Avvikshandtering i Bremanger kommune

DOKUMENTOPPLYSNINGAR:			
Tittel på prosjektet:	<i>Avvikshandtering i Bremanger kommune</i>		
Tingar:	Kontrollutvalet i Bremanger kommune		
Revisjonseining:	KRYSS – Revisjon		
Oppdragsansvarleg:	Charles Litsheim		
Dato for prosjektplanen:	11.desember 2014		
Versjon av prosjektplan	I		
TINGINGA – KONKRET:			
Problemstillingane:	Har Bremanger kommune ein godt fungerande kultur og systematikk for handtering av avvik som del av løpande kvalitetsutvikling ?		
Tidsrommet revisjonen femnar om:	Året 2014		
Revisjonsskjelder/-kriterium:	<table><tr><td>Lovverk som har reglar om internkontroll og som vedkjem kommunal tenesteproduksjon.</td><td>- Her vil vidare utleia kriterier bli konkretisert når endeleg stilling er tatt i høve korleis tinginga skal angripast og løysast. Sjå nedafor under overskrift «Foranalyse».</td></tr></table>	Lovverk som har reglar om internkontroll og som vedkjem kommunal tenesteproduksjon.	- Her vil vidare utleia kriterier bli konkretisert når endeleg stilling er tatt i høve korleis tinginga skal angripast og løysast. Sjå nedafor under overskrift «Foranalyse».
Lovverk som har reglar om internkontroll og som vedkjem kommunal tenesteproduksjon.	- Her vil vidare utleia kriterier bli konkretisert når endeleg stilling er tatt i høve korleis tinginga skal angripast og løysast. Sjå nedafor under overskrift «Foranalyse».		
Metodebruk	Dokumentanalyse		
Tidsbruk i prosjektet	I samsvar med dei tildelte ressurstimane som ligg i avtalen mellom Bremangerkommune og KRYSS - Revisjon		

Tidsbruken er planlagt og estimert slik:

TIDSBRUKEN I PROSJEKTET:	
Arbeidsoppgåver:	Timebruk:
Foranalyse/Forprosjekt	15 timar
Oppstartsmøte inkl føregående sakshandsaming, reisetid og etterarbeid (presisering/avgrensing av prosjektet)	10 timar
Innsamling av data i høve dokumentanalysen	Pr no ukjent, avhenger av kva forprosjektet resulterer i.
Førebuing/utarbeiding av skjema for intervju/samtale	Sjå over
Intervju og samtalar med utvalde tilsette	-
Strukturering og bearbeiding av intervju/samtalar	-
rapportskriving	-
Avsluttande arbeid inkl handsaming og møte i kontrollutvalet	15 timar

Kvifor forprosjekt/foranalyse

I punkt 5 i kontrollutvalet sitt vedtak i sak 036/14 vert det tinga ei foranalyse der vi skal undersøkje og rapportere omfanget av avvik i einingane i Bremanger kommune. Denne delen av vedtaket vil vi løyse med å sende ein skriftleg førespurnad til rådmannen der vi ber om ei oversikt over innrapporterte avvik og kva som er gjort for å lukke avvika i 2013 og 2014. Vi vil samstundes etterspørje kva rutiner og tiltak kommunen har i høve evaluering og læring av innrapporterte avvik. Spørsmålet om ein questback basert spørjeundersøking blant alle tilsette, bør etter vår oppfatning inngå som ein del av eit hovudprosjekt. I forprosjektet vil våre spørsmål og rådmannen sine svar samanfattast i ein rapport, som kan brukast som eit underlag for vidare handsaming og prosess i kontrollutvalet og revisjonen. Vår målsetting med forprosjektet er å kartleggje og klårgjere om hovudprosjektet bør setjast igang, og om det er mogleg å oppnå tilfredsstillande resultat som svarar på dei utfordringane som ligg i tinginga frå kontrollutvalet. I dette ligg det frå vår side ei forventning om at forprosjektet kan resultere i avklaringar kring endeleg mandat for tinginga, og ei klår omforeint forankring av hovudprosjekt (les sjølv forvaltningsrevisjonen) i kontrollutvalet og revisjonen.


Milepælar i hovudprosjektet

1. Formell oppstart av forvaltningsrevisjonen med innkalling til møtet, gjennomføring av møtet, og etterarbeid etter dette møtet, m.a.o. skiving av møtereferat og avklaring av tingsdokumentet. Januar 2015
2. Innsamling av dokumentasjon for vidare analyse. Februar 2015
3. Skrivefasen i april 2015
4. Rapportutkastet med høyringsrunde. Mai 2015
5. Etterarbeid etter høyringsrunde. Mai 2015
6. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet i mai 2015
7. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten. Juni 2015

Tidsrom

Vi reknar med å vere ferdig med prosjektet innan tidsfristen sett i tinginga. Det føreset at forprosjektet gjev dei naudsynte avklaringar og svar som må vere tilstades for at vi skal gå vidare i vårt arbeid.

Framdrift i forhold til milepælane kan rapporterast til kontrollutvalet i form av e-postar til sekretariatet. Det vert å gjere i samarbeid med sekretariatet, og kan tilpassast undervegs.


Charles Litsheim
Rev.sjef forvaltning

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 09.01.2015	Saksnr 005/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/395
---	-------------------------------------	-------------------------------

Årsmelding 2014 - Bremanger kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.12.2014	Årsmelding 2014 - Bremanger kontrollutval	1165

Tilråding:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Framlegg til årsmelding datert 2.1.14, vert godkjent.

...

Saksutgreiing:

Utkast til årsmelding 2014 frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer vedlagt.

Årsmeldinga er stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa, jfr. kommunelova § 77 pkt. 6, som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat og revisor for kontrollutvalet, omtale av saker som har blitt handsama og sendt vidare til kommunestyret, orienteringar frå rådmannen med meir.

Utkast frå SEKOM-sekretariat, 2.1.2015

Bremanger kontrollutval

Årsmelding 2014



Kontrollutvalet si handsaming

Dato: 9.1.2015

Saksnummer: 005/15

Referanse: 14/930

Innleiing

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det ei eiga forskrift: Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2014. KRYSS Revisjon har vore revisor både for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Medlemar

Første halvår 2014		Andre halvår 2014	
	Faste medlemar		Faste medlemar
	Harry Gulestøl, leiar		Harry Gulestøl, leiar
	Leo Cirotzki, nestleiar		Leo Cirotzki, nestleiar
	Inger Rise Hallset		Henny Hansen
	Rune Nordbotten		Inger Rise Hallset
	Joar Aarøen		Rune Nordbotten
	Varamedlemar		Varamedlemar
1	Are Kjelkenes	1	Joar Aarøen
2	Anne Sofie Hauge Igland	2	Are Kjelkenes
3	Gjert Kåre Solheim	3	Anne Sofie Hauge Igland
4	Sigrid Solheim	4	Gjert Kåre Solheim
		5	Sigrid Solheim

Kommunestyret gav Leni Lisæter permisjon for perioden 1.1.14 – 31.5.14. For den perioden rykka varamedlemene opp i den rekkefølge dei var valde. Joar Aarøen møtte såleis fast som medlem og Are Kjelkenes som første varamedlem. Den 19.6. gav kommunestyret Leni Lisæter fritak for vervet. Då vart Henny hansen vald til ny medlem i hennar stad.

Utvalet har praktisert at første varamedlem også har møtt fast.

Møte og saker

Utvalet hadde 5 møte i 2014 og handsama 38 saker. I 2013, var det 5 møte og 37 saker.

Saker til kommunestyret

Desse sakene har gått vidare frå kontrollutvalet til kommunestyret anten til handsaming eller til orientering:

Møtedato	Sak nr	Sakstittel
03.02.2014	4	Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap
27.05.2014	11	Årsrekneskapen 2013 - Bremanger kommune
	12	Årsrekneskapen 2013 - Frøysjøterminalen KF
	13	Årsrekneskapen 2013 - Bremangerhallen

	14	Årsrekneskapen 2013 - Svelgen Idrettshus
	15	Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet
27.10.2014	31	Budsjett for drift av kontrollutvalet 2015
27.11.2014	35	Forvaltningsrevisjon: Rapport om Prosjektrapportering og oppfølging

Orienteringar frå rådmannen

Kontrollutvalet har fått orientering frå rådmannen i fleire saker i løpet av 2014:

Møtedato	Sak nr	Tema for orientering
03.02.2014	5	Informasjon om status i høve til innkjøpsfunksjonen i kommunen
	6	Saksgang i samband med 420 kV gjennom Bremanger kommune
03.09.2014	22	Kvalitets- og avvikssystem - orientering
	23	Habilitet i formannskapet ved handsaming av uttale i kraftlinesaka
	24	Fiskerikai i Kalvåg / flytekai Leirgulen
	25	Barneverntenesta
27.11.2014	34	Orientering og svar på spørsmål om avvik, jf tilsyn frå Arbeidstilsynet
	37	Innkjøpsrutinar

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Det har ikkje vore gjennomført selskapskontroll i 2014. Rapport frå forvaltningsrevisjon om «Prosjektrapportering og oppfølging» vart sendt over til kommunestyret den 27.11.14. I same møte, tinga utvalet nytt prosjekt: Avvikshandtering. Frist for rapport frå dette prosjektet er sett til 31.5.15.

Oppsummering

I løpet av året, har kontrollutvalet gått over til «papirlause» møte. Saklistene vert no sendt over pr e-post og gjennom Bremanger kommune sin politkarportal.

Alle saklister med vedlegg og møtebøker for kontrollutvalet er tilgjengeleg på sekretariatet sine nettsider: www.sekom.no.

Underskrifter

Svelgen, 9. januar 2015

Harry Gulestøl, leiar

Leo Cirotzki, nestleiar

Henny Hansen

Inter Rise Hallset

Rune Nordbotten

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 09.01.2015	Saksnr 006/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/396
---	-------------------------------------	-------------------------------

Møteplan 2015 - Bremanger kontrollutval

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Møteplan for 2015 vert godkjent med følgjande møtedatoar:

9. januar
20. mars
29. mai
28. august
13. november

Møtetid kl 9.30 – 12.00

...

Saksutgreiing:

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

SEKOM-sekretariat startar med møte og opplæring av kontrollutvala, etter at kommunane har føreteke val av nye kontrollutval og sendt ut opplysningar om dette. Det siste møte på planen for 2015, er såleis tenkt som oppstartmøte for det nye utvalet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 09.01.2015	Saksnr 007/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/344
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste og merknader 1 - 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjør endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

I møte den 27.11.14, vart gjennomgang av oppfølgingsliste utsett. Det betyr at vi legg fram same oppfølgingslista med tillegg av det som kom til i møte den 27.11.14.

Sak	Dato	Status
Kontrollutvals-arbeid tiltak (05/09)	18.03.09	18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar (Ikkje aktuelt å sende ut jf drøfting 27.10.14) -Tilsynsrapportar Frå sak 32/14: Oppfølgingsliste og merknader 4 – 2014: Utvalet ønskjer tilsendt informasjon om tilsyn som har gått til vedtak og svara på desse.
Orientering – om Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane. (021/13)	27.05.13	27.05.13 Vedtak KU: Orientering vert teken til vitande Kommunalsjef oppvekstsektoren orienterte: - Har ikkje fått tilbakemelding frå innleigd konsulent om Svelgen Barnehage, Langnes Barnehage og Kalvåg Barnehage. - Håpar også å få med skulane i den endelege godkjenninga. - Ingen endeleg frist frå Fylkesmannen. - Samarbeider no med Flora kommune med godkjenning av barnehagar. 27.5.14: Etterlyst svar i e-post til Bremanger kommune 3.9.14: Rådmannen informerte i KU-møte om framdrifta med godkjenning.
Forvaltningsrevisj	27.11.13	Vedtak: Tinginga for prosjektet: Prosjektrapportering og oppfølging, vert

on: Prosjektrapportering og oppfølging (035/13)		godkjent med endra leveringsdato til 1. oktober 2014. Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. Utkast til tinging av neste forvaltningsrevisjonsprosjekt vert lagt fram i oktober 2014. 27.11.2013 sendt KRYSS revisjon 3.9.2014 Forvaltningsrevisor Charles Litsheim orienterte. Rapport kjem til neste møte. 27.10.2014 KU-vedtak sak 29/14: Kontrollutvalet ønskjer tilleggsnotat frå revisor til kontrollutvalsmøte 27.11. om: 1. <i>Det vert gjort ein ekstra sjekk på at alle reglementa som er lagt til grunn i rapporten er siste versjon.</i> 2. <i>Det vert gjort ei vurdering i bruk av offentleglova i prosjektstyringa.</i> 3. <i>Har dei grupper som har hatt møte i saka om omsorgssenter hatt formell status etter kommunen sine reglement?</i> 28.10.2014: Sendt spørsmåla til revisor. 27.11.2014 KU-vedtak sak 35/14: 1. <i>Kommunestyret tek rapport frå forvaltningsrevisjon om prosjektrapportering og oppfølging til orientering.</i> 2. <i>Kommunestyret viser til tilrådingane i pkt 8.3 og 8.12 og ber rådmannen følgje opp med prioritering av:</i> • <i>Revisjon av økonomireglement.</i> • <i>Rutinar for etterleving av reglement.</i> • <i>Sluttrekneskap frå investeringsprosjekt.</i> 3. <i>Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga innan utgangen av 1. halvår 2015.</i> 02.12.2014: Tilrådinga sendt til kommunestyret for handsaming. 18.12.2014: Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si tilråding.
Tilsyn Kalvåg skule	3.9.14	KU-vedtak Skriv og meldingar (20/14): Kontrollutvalet vil ha kopi av administrasjonen sitt svar om tilsyn ved Kalvåg skule.
Kvalitets- og avvikssystem (22/14)	3.9.14	KU-vedtak: Informasjonen vert teken til orientering. Kontrollutvalet ber om ny statusrapport på første møte i 2015.
Fiskerikai i Kalvåg / flytekai i Leirgulen (24/14)	3.9.14	KU-vedtak etter orientering frå rådmannen: Informasjonen vert teken til orientering.

Forvaltningsrevisjon: Avvikshandtering (30/14)	27.10.14	KU-vedtak 27.10.14 (30/14): Saka vert utsett til neste møte. KU-vedtak 27.11.14 (36/14): 1. <i>Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Avvikshandtering.</i> 2. <i>Kontrollutvalet ønskjer å finne ut om det er ein godt fungerande kultur og systematikk for handtering av avvik som del av løpande kvalitetsutvikling.</i> 3. <i>Revisjonen vert avgrensa til 2014 med eit utval av avviksmeldingar innan områda som er underlagt:</i> • <i>Rådmannen</i> • <i>Kommunasjef oppvekst</i> • <i>Kommunalsjef helse og omsorg</i> 4. <i>Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på neste møte. Mellom anna med vurdering av om det kan gjerast som forvaltningsrevisjon eller om det bør vere ein revisjonsrapport. Frist for rapport frå prosjektet: 31.5.15.</i> 5. <i>Kontrollutvalet ønskjer ei tilbakemelding etter ei foranalyse når ein har undersøkt omfanget av avvik i ulike einingar med ei undersøking blant tilsette.</i> 6. <i>Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.</i> 02.12.2014: Tinginga sendt til KRYSS Revisjon. Frist for prosjektplan: 30.12.14.																											
Budsjett for drift av kontrollutvalet 2015 (31/14)	27.10.14	KU-vedtak: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutval 2015: <table> <thead> <tr> <th>Konto</th><th>Tekst</th><th>B2015</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>10803</td><td>Møtegodtgjersle</td><td>24 000</td></tr> <tr> <td>10814</td><td>Tapt arbeidsforteneste</td><td>8 000</td></tr> <tr> <td>10990</td><td>Arbeidsgjevaravgift</td><td>3 000</td></tr> <tr> <td>11200</td><td>Anna forbruksmateriell</td><td>700</td></tr> <tr> <td>11500</td><td>Kurs / seminar</td><td>18 000</td></tr> <tr> <td>11600</td><td>Reise / diett</td><td>5 000</td></tr> <tr> <td>11959</td><td>Kontingentar</td><td>1 300</td></tr> <tr> <td></td><td>Drift av kontrollutvalet</td><td>60 000</td></tr> </tbody> </table> 28.10.14: Sendt tilrådinga til Bremanger kommune.	Konto	Tekst	B2015	10803	Møtegodtgjersle	24 000	10814	Tapt arbeidsforteneste	8 000	10990	Arbeidsgjevaravgift	3 000	11200	Anna forbruksmateriell	700	11500	Kurs / seminar	18 000	11600	Reise / diett	5 000	11959	Kontingentar	1 300		Drift av kontrollutvalet	60 000
Konto	Tekst	B2015																											
10803	Møtegodtgjersle	24 000																											
10814	Tapt arbeidsforteneste	8 000																											
10990	Arbeidsgjevaravgift	3 000																											
11200	Anna forbruksmateriell	700																											
11500	Kurs / seminar	18 000																											
11600	Reise / diett	5 000																											
11959	Kontingentar	1 300																											
	Drift av kontrollutvalet	60 000																											
Tilsyn som har gått til vedtak og svar på desse	27.10.14	Frå sak 32/14: Oppfølgingsliste og merknader 4 – 2014: Utvalet ønskjer tilsendt informasjon om tilsyn som har gått til vedtak og svara på desse. 28.10.14: Sendt e-post til Bremanger kommune med førespurnad om rutine med å sende desse dokumenta til SEKOM. 27.11.14: Sendt ut under skriv og meldingar: Dokument om tilsyn ved Arbeidstilsynet på Stasjonen barnehage og i kulturskulen. Rådmann Tom Joensen orienterte og svarte på spørsmål om avvik.																											
Innkjøpsrutinar 37/14	27.11.14	KU-vedtak 27.11.14 (37/14): <i>Orientering frå rådmannen vert teken til vitande. Rådmannen sender notat til kontrollutvalet med ytterlegare informasjon som vert lagt fram under skriv og meldingar.</i> 02.12.2014: Sendt spørsmål om notat til rådmannen.																											

Møteplan 2015	27.11.14	Frå sak 38/14: Oppfølgingsliste og merknader 5 -2 014: Neste møte: 9.1.2015
---------------	----------	--